

OPPMÅLT BÅT – PROSJEKT NR 6616

BÅT

Færing frå Nord-Hidle. Den vart brukt som kyrkjebåt til Kyrkjøy i Sjernarøy.

TEIKNINGAR

6616 – 1 Langskipsnitt og plan

6616 – 2 Snitt og detaljar

6616 – 3 Profil

Båten vart oppmålt på Sjernarøy Maritime, Bjergøy, 21.11.2009 av Svein Langvik og Anne Tove Austbø.

EIGARAR

Jone Hidle (1834 – 1917), bonde, Nord-Hidle.

Nils Hidle (1873 – 1963), bonde, Nord-Hidle.

Jon Hidle (1909 - 2008), bonde, Nord-Hidle.

Finnøy Bygdemuseum, dei fekk færingen som gåve frå Jon Hidle i 1989.

HOVEDDIMENSJONAR

Største lengde er 5,490 m og største bredde er 1,600 m.

Største lengde i norske fot er 17 ½. Mellom stamnane er lengda 16 norske fot og 11 ½ tomme.

Lengde/breddeforhold er 3,43.

Framrom og bakrom er 830 mm lange.

Seglarealet er ca 5,3 m²

BYGGJEÅR OG BÅTBYGGJAR

Eigaren meiner at båten er bygd ca 1850. Detaljar og generelt inntrykk av byggjemåten kan tyda på at båten er bygd litt seinare, mellom 1860 og 1880.

Det er ikkje kjent kven som har bygd båten, men den er ein typisk rogalandsbåt både i form og byggjemåte og må vera bygd i Rogaland.

Dei mest kjende båtbyggjarane i Ryfylke i andre halvdel av attenhundretalet hadde sine egne detaljar og små forskjellar i byggjemåte som kan brukast til å identifisera båtbyggjaren. Denne båten har ikkje kjenneteikn som er typiske for desse byggjarane. Dette kan tyda på at båten er bygd lenger sør, f. eks i Høgsfjord eller Gannsfjorden.

HISTORIE

Det er ukjent kor Jone Hidle kjøpte båten.

Den har vore brukt til kyrkjebåt og til å føra korn til mølla på Eidssund.

Det høyrer med mast og segl til båten, men riggen er ikkje oppmålt i denne omgang. Seglarealet er rekna ut frå skisser laga av Finnøy bygdemuseum.

Masta på båten brakk den dagen Jon Hidle var til dåpen, då bles det opp til uver på heimvegen. Båten fekk ny mast i 1910.

Båten vart lagra på Judaberg til 1995 då vart den utlånt til Sjernarøy

Maritime. Den har stått som dekorasjon oppe på bjelkane over

serveringslokalet på kaien. Båten ligg på sida utan støtter og har gjennom åra blitt nokså vindskeiv. Teikningane tek ikkje omsyn til dette, båten er teikna slik den sannsynlegvis var då den var i bruk.

TEKNISK SPESIFIKASJON

Færingen har fire bord på kvar side og vaterbord. Vaterborda er nokså bratte, ca. 30 grader. Det er ikkje hogde halsar, alle borda er sagde. Esingane går til rengene og det er forseggjorte kne (nauarenger) i kvar ende, desse er laga av krokvakse emne og dei går til rengene. Oppå nauarengene mot stammen er det ei ekstra forsterking mellom skvettlistene. Det er betar både under framtofta og midttofta og alle toftene er lause.

Det er eit halvband i framskuten og tilja aktanfor dette har ein klamp som er mastefot. Klampen er låst i spor i frambandet og i bandet under segltofta.

Masta står i forkant av beten.

Båten har tollegangar av rogalandstypen.

Båten har vanleg spririgg med storsegl og fokk, men ikkje toppsegl. Årar var ikke med.

Færingen er bygd i furu med stamn, lot, kjøl og tollegangar av eik.

Mastefoten er av ask, mens trenaglane er av einer. Løsekjøl og lobit er borte og det er derfor ukjent korleis desse har sett ut.

Saumen er av jern, med firkanta smidde roer. Avstand mellom saumane er 170 til 200 mm (eit spann).

Alle banda er festa med trenaglar, 14 mm i diameter.

Det øvste bordet er malt grønt innvendig slik det var vanleg i Ryfylke.

Fargen brukar å vera nær 6020- B90G, men fargen er ikkje kontrollert på denne båten. Vaterborda er malte mørk grå, mens toftene er olja. Resten av båten er tjørebredd på vanleg måte.

20.10.2010 Svein Langvik